



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: 09/733-6/09/8932 Arkiv: N-501 Dato: 10.09.2009

## **SVEIO KOMMUNE SIN HØYRINGSUTTALE TIL FORSLAG OM DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONEN LANGS SJØEN**

Vi viser til tilsendt høyringsuttale dagsett 02.09.09 etter handsaming i Hovudutval Teknisk/Næring (HTN) sak 056/09 møtedato 31.08.09.

Formannskapet i Sveio handsama og gjorde slikt vedtak i sak 047/09 i møtet 07.09.09:

### **047/09: FORSLAG TIL STATLIGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONEN LANGS SJØEN – HØYRING**

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Planutvalet, HTN (Hovudutval Teknisk/Næring), ber om at Sveio kommune vert sett i kategorien som vert omfatta av "Retningslinjer for områder med mindre press på arealene" og at alle kommunane i Sunnhordland vert strokne frå pkt. 4.3 i framtidige statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.
2. Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og kommunane i Sunnhordland startar arbeidet med interkommunal plan for forvaltning av strandsona i Sunnhordland umiddelbart.

#### **31.08.2009 HOVUDUTVAL TEKNISK/NÆRING**

#### **HTN-056/09 – TILRÅDING TIL FORMANNSKAPET:**

Samrøystes som framlagt av rådmannen.

Postadresse: Postboks 40 5559 Sveio	Telefon: 53 74 80 00	Telefaks: 53 74 80 01	Org.nr.: 864967272	Bankgiro: 3506 07 10323	E-post: <a href="mailto:postmottak@sveio.kommune.no">postmottak@sveio.kommune.no</a>
Fakturaadresse: Postboks 54, 5559 Sveio					

## **07.09.2009 FORMANNSKAPET**

Tilrådinga frå HTN blei delt ut i møtet.


### **FOR-047/09 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Formannskapet sluttar seg til tilrådinga frå Hovedutval Teknisk/Næring.

Dette til orientering.

Brevet blir også sendt i posten.

Med helsing



Siv Bua Rasmussen  
Politisk sekretær

# Sveio kommune

## Sakspapir

SAKSGANG			
Behandling	Møtedato	Saksnr	Saksbehandler
Hovudutval teknisk/næring	31.08.2009	056/09	BJH
Formannskapet	07.09.2009	047/09	BJH

Avgjerd av: Saksansv.: Bjarne Hetlesæter	Arkiv: N-501 Objekt:	Arkivsaknr 09/733
---	-------------------------	----------------------

### **FORSLAG TIL STATLIGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONEN LANGS SJØEN - HØYRING**

Rådmannen 19.08.2009:

#### **Dokumentliste:**

Nr	T	Dok.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	29.06.2009	Miljøverndepartementet	HØYRING - FORSLAG TIL STATLIGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONEN LANGS SJØEN

#### **Saksorientering:**

Saka blir ettersendt grunna felles uttale frå kommunane i Sunnhordland.

\*\*\*\*\*

#### **Rådmannen 24.08.2009:**

#### **Prenta vedlegg:**

- Miljøverndepartementet: *Høring – forslag til statlige planretningslinjer for differensiert forvaltninga av strandsonen langs sjøen*, datert 29.06.2009
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland, *Strandsonestrategi for Sunnhordland*
- Rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområder i Oslofjordregionen av 9. Juli 1993

## **Saksorientering:**

Miljøverndepartementet sendte i skriv 29.juni 2009 ut forslag til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen til høyring i m.a. kommunane. Fristen for å gje uttale til forslaget er sett til 4.september 2009.

Det ein ønskjer å oppnå med retningslinene er å hindra uheldig bygging i 100-metersbeltet langs sjøen, samstundes som det gjennom planlegginga skal leggjast til rette for ei berekraftig lokal utvikling bygd på dei ulike natur- og kulturgjevne forholda langs kysten. Det vert difor noko ulike retningslinjer for sentrale områder der presset på areal er stort, og for områder med mindre press på areal.

Bakgrunn for at det vert foreslått statlege planretningsliner for strandsona er at det i ny plan- og bygningslov (plandelen) av 27. juni 2008 nr. 71 også er fastsett nye regler om strandsona. Ved behandling av lova blei det og føresett at det skulle utarbeidast statlege planretningsliner for ein differensiert strandsonepolitikk.

I retningslinene pkt. 4.2 vert det føreslått at gjeldande ”Rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområder i Oslofjordregionen av 9. Juli 1993” (vedlagt) fortsett skal gjelda for kysten i Østfold, Oslo, Akershus, Buskerud, Vestfold og Telemark. I pkt. 4.3 vert det føreslått at prinsippa i retningslinene for Oslofjordregionen også skal brukast tilsvarende for kysten i Aust-Agder og Vest-Agder og delar av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Sør-Trønderlag og Nord-Trønderlag, men avgrensa til 100-metersbeltet på land. Vurderinga av kva for kommunar som er omfatta av dei ulike delane av retningslinene er basert på omgrepet sentralitet, dvs. basert på ei vurdering av kor den einskilde kommune ligg plassert i forhold til større byar. Av sunnhordlandsommunane er det berre Etne som ikkje er plassert i det området som vert føreslege behandla på same måte som kommunane i Oslofjordregionen. Den konkrete vurderinga av områdeavgrensing er det Miljøverndepartementet som står for, men som det også står i høyrbrevet at det i avgrensinga også er lagt vekt på vurderingar gjort av fylkesmenn og fylkeskommunar, ut frå erfaringar ved handsaming av saker om bygging i strandsona.

Miljøverndepartementet ber spesielt om at det i høyringa vert gjeve synspunkt på det føreslegne geografiske avgrensinga og om bidrag til auka kunnskapsgrunnlag om strandsona som ev. kan påverka innhaldet i retningslinene.

## **Sveio kommune:**

Sveio har om lag 300 km kystline. Langs kysten av kommunen er det mange lange, urørde strekningar. Dette pregar Sveio sett frå sjøsida. Mange av dei urørde strekningane ligg vêrhardt til. I mange vågar er det frå gammalt av naust, ein del bustadhus og lokal næring. I kystsona lenger inne er det gardsbruk, bustader og hytter. På dei fleste av desse stadene er busetnaden spreidd. I fleire grender, og i indre deler av Ålfjorden er det bygd tett til sjøen.

Utviklinga i kommunen går i stadig større grad mot ei sentralisering, der aktiviteten er størst i Sveio sentrum og i Ekrene-området (ved fylkes-/kommunegrensa mot Haugesund). Denne trenden ser ut til å halda fram. Utmarkområda og strandene blir i framtida endå viktigare for rekreasjon og friluftsliv. Det er difor naudsynt å sikra nok areal til slike føremål. For å styrka lokalmiljøa er det likevel nødvendig å leggja opp til attraktive buområde mot sjø der det er

bygningar frå før. Sveio kommune meiner at ved å sikra stort nok framtidig attraktiv areal for allmenta, kan område der det i dag er bygningar fortettast.

Busetnadsmønsteret i regionen er knytt til tre områder; mange mindre tettstader, i viss grad spreidd busetnad og ikkje minst til sjøen. Med Sveio sin lange kystline vil, sjølv med ei fortetting av bygningar i strandsona, kommunen ha store nok område til friluftsaktivitetar og rekreasjon på sjø og land både for kommunen sine eigne innbyggjarar og for heile regionen.

Sveio kommune meinar at auka trivsel i nærmiljøet er eit satsingsområde og i dette ligg at det er viktig å sikra både friareal og fri ferdsel langs sjøen i nærleiken av der det er busetnad. Å sikra tilgong til sjø og tilgjengelege nausttomter eller båtplassar vil vera ein viktig faktor for å busetja seg i Sveio. Difor meiner Sveio kommune at ein må kunna tillate kontrollert utbygging i form av overordna planlegging og fortetta der det er bygningar frå før, å få til ei naturleg tilpassing av ny utbygging til natur, landskap og omgjevnader. I framtida må ein ha fokus på gjengroing av landarealet og konflikt om bruken av strandsona og sjøarealet. Der det er aktiv landbruksdrift og det er god bonitet, må landbruksarealet sikrast. Mellom utbyggingsområde og utmarks- og strandarealet må allmenta vera sikra tilkomst til gode rekreasjonsområde m.a. gjennom tilstrekkelege korridorar.

Føremålet med overordna planlegging på lokal nivå er å få god styring med bruken av landarealet i strandsona og på sjøen, der utgangspunktet er bruk og vern. Kommuneplanen skal vera med på å auka næringsgrunnlaget og sikra busetjinga i lokalmiljøa innafor ramma av berekraftig utvikling. Ut frå dette kan ein også ta vare på kultur- og naturlandskapet og få innbyggjarane i Sveio til å ta ansvar for fellesskapet og sikra tilgong for alle til sjø- og strandarealet.

Med utgangspunkt i Sveio kommune sine planar for kystlinia, har kommunen utarbeida ein kystsoneplan som skal takast inn som temaplan i ny kommuneplan. Sveio kommune har som mål å styrka kjensla av identitet og det å høyra til ved å leggja til rette for god og konfliktfri bruk av strandsona gjennom planmessig bruk og vern av arealet både i sjø og på land, og ha ei god samfunnsøkonomisk og miljøeffektiv ressursutnytting. Kystsoneplanen skal gje langsigte overordna mål og strategiar for arealet i strandsona og på sjøen. Planen skal vera med på å styra utviklinga i dei einskilde områda og skal leggjast til grunn for prioritering av ressursar. Arealdelen syner framtidig disponering av arealet i strandsona og på sjøen og skal vera utgangspunktet for all planlegging av arealet som planen omfattar.

### **Konklusjon:**

Som vist ovanfor er alle sunnhordlandsommunane, utanom Etne, plassert i den delen av retningslinene som skal handsamast på same måte som Oslofjordregionane. Bakgrunn for denne vurderinga er at desse kommunane er plassert nært større byar og difor er utsett for eit tilsvarande utbyggingspress som kommunane i Oslofjordregionen.

Denne vurderinga kjenner vi oss ikkje igjen i og meiner å kunne dokumentera at utbyggingspresset i sunnhordlandsregionen ikkje kan samanliknast med Oslofjordregionen. Her syner vi m.a. til at Sunnhordland har ei kystline på 3.571 km og at det i perioden 1985 – 2004 berre vart utbygd 2,3% av denne kystlinia. I tillegg meiner vi at nedbygging av strandsona ikkje er på langt nær komen like langt i Sunnhordland som i Osloregionen.

Den nye plandelen til plan- og bygningslova, som trådde i kraft 1. juli 2009, hindrar allereie i dag mange tiltak i strandsona som tidlegare gikk gjennom systemet med hjelp av dispensasjonar. Med nytt lovverk og styrka strandsonepolitikk vil det praktisk talt i framtida ikkje vera mogleg å gje dispensasjon frå § 1-8. Den nye paragrafen i pbl. vidarefører og skjerper tidligare byggeforbod i strandsona. Den funksjon pkt. 4.3 i *Forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen* vil ha, er ikkje å hindra uønska dispensasjonssøknader men å hindra kommunane i å avsetta areal i overordna kommuneplan til utbyggingsområde. Kommunane sin rett til sjølvbestemmande vil verta krenka.

I stortingsmelding nr. 21 (2005-2006) vert det vist til at;

*"Regjeringa vil gi folk reell valfridom i kvar dei vil bu, og legge grunnlaget for å ta heile landet og dei ulike naturressursane i bruk. Regjeringa har eit sterkt ønske om at alle menneske i heile landet skal kunne utvikle evnene sine og leve gode og meiningsfulle liv, Ein kan oppnå det godelivet på mange måtar, både i by og bygd".*

Vidare står det at regjeringa har som overordna mål i distrikts- og regionalpolitikken å legge til rette for likeverdige levekår i heile landet og oppretthalde hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Det kjem fram av stortingsmeldinga at auka verdiskaping og styrkt lokal og regional vekstkraft er både eit verkemiddel for å få dette til og eit mål i seg sjølv.

Sveio kommune meiner at føresetnaden for god og sikker utvikling er at vedtak om utbygging og vidare utvikling skal skje på lokal nivå. Det er her kunnskapsgrunnlaget ligg og det er her kjennskapen til natur-, kultur- og landskapsinteresser ligg. Det er her ein veit kva del av strandsona som er verneverdig og korleis strandsona vert brukt og til kva. Det er kommunen som sitt med den kompetansen som må til for ein fortsett god utvikling av kommunen. Sveio er ein kystkommune som til dels er avhengig av kystlinia for vidare berekraftig utvikling. Nasjonale og regionale styresmakter ønskjer med pkt. 4.3 i Utkast av 29. juni 2009 om *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*" å desentralisere utviklinga av kommunane ved å hindra kystkommunar å vera sjølvbestemmande og ta ansvar for vidare arealbruk.

For at statlege planregningsliner for differensiert forvaltning av strandsona skal kunne ha ein viss legitimitet i befolkninga og hos kommunen er det vårt syn at bakgrunn og grunngjeving for den geografiske inndelinga i retningslinene vert forstått. Den føreslegne inndelinga bidreg ikkje til ei slik forståing og må difor endrast til at alle sunnhordlandsommunane vert trekt ut frå forslaget pkt. 4.3.

#### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Planutvalet, HTN (Hovudutval Teknisk/Næring), ber om at Sveio kommune vert sett i kategorien som vert omfatta av "*Retningslinjer for områder med mindre press på arealene*" og at alle kommunane i Sunnhordland vert strokne frå pkt. 4.3 i framtidige statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

2. Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og kommunane i Sunnhordland startar arbeidet med interkommunal plan for forvaltning av strandsona i Sunnhordland umiddelbart.

**31.08.2009 HOVUDUTVAL TEKNISK/NÆRING**

**HTN-056/09 – TILRÅDING TIL FORMANNSKAPET:**

Samrøystes som framlagt av rådmannen.